

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Att.Svein Arne Vågane

Dato	09/08/2023
Vår referanse	2023/68957-3
Dykkar referanse	23/5710
Sakshandsamar	Sigrun Wølstad
E-post	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
Telefon	96944535

Varsel om synfaring - Kulturminne - Landbruksveg - gnr. 120 bnr. 3 - Alver kommune

Vi viser til brev datert 187.07.2023 i samband med søknad om bygging av landbruksveg på gnr. 120, bnr. 3 mfl. i Alver kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Det er feil i følgjeskrivet til søknaden som mellom anna seier at det er gjennomført nødvendige undersøkingar i forhold til kulturminne. Det stemmer ikkje. Innsendte kart av omsøkte veg viser ein annan trasé enn den dåverande Hordaland fylkeskommune uttalte seg til i brev datert 26.02.2015, sjå vedlegg.

Ut frå våre arkiv er det ikkje kjend automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne knytt til den planlagde traséen, men det er registrert fleire automatisk freda kulturminne i nærområda. Etter ei vurdering av det aktuelle området, finn vi det naudsynt å gjennomføre ei kulturhistorisk synfaring. Før vi kan gje fråsegn til søknaden, må vi vurdere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne.

Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter §§ 3 og 11 i kulturminnelova.

Traseen er omfattande, vi ber difor om at vi får tilsendt sosi- eller shape filer av vegen med tilhøyrande fyllingsfot og andre planlagde terrenginngrep.

Hogstområdet

Seksjon for kulturarv ynskjer i tillegg å informere tiltakshavar/grunneigar om at vi skal varslast om planlagt hogstarbeid for vurdering etter kulturminnelova.

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/kva-saker-skal-sendast-til-fylkeskommunen/>

Når det gjeld framtidig skoghogst, så er det på dei ulike gnr./bnr. stort potensiale for funn av bevarte steinalderbuplassar i marka. Ut frå topografiske tilhøve jamført med tidlegare påviste steinalderbuplassar i området vil slike automatisk freda kulturminnelokalitetar kunne påvisast rett under torva i ei høgd over havet mellom 8 og 25 meter. Moderne, mekanisert skoghogst er ut frå tidlegare erfaring diverre svært øydeleggande for kulturminne i marka. Før hogst i dei ulike områda må konsekvensane for potensielle uregistrerte steinalderbuplassar først bli avklart, for å unngå uforvarande, ulovlege inngrep i automatisk freda kulturminne i strid med § 3 i kulturminnelova.

Tiltakshavar/grunneigar skal i god tid før planlagt hogst sender inn følgjande opplysningar til seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune, for vurdering av dekningsområdet:

- Gnr – Bnr – kommune
- Kart over hogstområdet og eventuelle planlagde driftsvegar, velteplassar m.m.
- Planlagt oppstartsdato
- Kontaktperson – e-post og organisasjonsnummer

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Kart søknad om landbruksveg 2014

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER